



Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 17/3313-9

## **Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling:**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Stille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot.
2. Vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF .
3. Utarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet.
4. I samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.
5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» oppmodar fylkestinget **Stiftinga musea i Sogn og Fjordane** å syta for å:

1. Sikre at det med utgangspunkt i stiftinga sitt føremål blir fastsett tydelege og oppdaterte mål og delmål for MiSF, og at det blir etablert system for jamleg evaluering av måloppnåing.
2. Sikre at ansvarsdeling og forventingar i organisasjonen blir tydeleggjort gjennom arbeidet med organisasjonsutvikling som no er sett i gang i MiSF.
3. Vurdere å utarbeide ein plan med tilhøyrande tiltak for å arbeide med felles kulturbygging på tvers av avdelingane
4. I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.
5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Vedlegg:**

- Revisjonsrapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane

## SAKSFRAMSTILLING

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 i FT-sak 41/2016. Forvaltningsrevisjon av Musea i Sogn og Fjordane er fjerde prosjekt i planen.

Forvaltningsrevisjon av musea vart bestilt etter handsaming i kontrollutvalet 28. mars 2017 i sak 14/17. Prosjektplanen handsama kontrollutvalet 30. mai same år i KU-sak 24/17.

#### **Forvaltningsrevisjonen har hatt slikt føremål:**

«Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen har vore å få undersøkt i kva grad Musea i Sogn og Fjordane har ei føremålstjenleg organisering, og om fylkeskommunen si rolle ovanfor MISF er tydeleg og blir utøvd og følgt opp tilfredsstillande. Vurdering av system og rutinar for tildeling og oppfølging av fylkeskommunen sine tilskot til MISF var også ein del av føremålet med denne revisjonen.»

#### **Med bakgrunn i føremålet vart det utarbeidd følgjande problemstillingar:**

1. *I kva grad er organiseringa av MISF føremålstjenleg med omsyn til å nå fastsette målsettingar for verksemda?*
  - a. *I kva grad er det fastsett tydelege mål for MISF?*
  - b. *Er det etablert føremålstjenlege system for evaluering av måloppnåing?*
  - c. *I kva grad er fordeling av roller, ansvar og mynde tydeleg fordelt i MISF?*
  - d. *I kva grad er ansvar, oppgåver og roller mellom MISF og eventuelle andre aktørar som er sentrale med tanke på drifta av Musea i Sogn og Fjordane tydeleg avklart?*
2. *I kva grad er fylkeskommunen si rolle og ansvar overfor MISF avklart?*
  - a. *Kva kanalar har fylkeskommunen for å legge føringer for drifta i MISF og blir desse nytta på ein tilfredsstillande måte?*
  - b. *I kva grad er fylkeskommunen si rolle og ansvar skriftleggjort?*
  - c. *Har sentrale aktørar i MISF og i fylkeskommunen ei felles oppfatning om kva som er fylkeskommunen si rolle og ansvar?*
  - d. *I kva grad blir fylkeskommunen si roll e ivaretaken i samsvar med vedtekten for MISF og eventuelle andre vedtak eller instruksar?*
3. *I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at fylkeskommunen følgjer opp MISF i samsvar med overordna føringer?*
  - a. *I kva grad er det tydeleg kven i fylkeskommunen som skal følgje opp MISF i samsvar med overordna retningslinjer?*
  - b. *I kva grad blir det gjennomført kontrollaktivitetar for å sikre at fylkeskommunen sitt ansvar overfor MISF blir ivareteke?*
4. *Har Sogn og Fjordane fylkeskommune tilfredsstillande system for tildeling og oppfølging av tilskot til MISF?*
  - a. *Kva form for tilskot får MISF frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, og k orleis er fordelinga av driftstilskot til MISF frå staten, fylkeskommunen og kommunane?*
  - b. *I kva grad har fylkeskommunen definerte strategiar og mål knytt til fylkeskommunale tilskot til MISF?*
  - c. *I kva grad stiller fylkeskommunen, gjennom tilskotsbrev eller på anna vis, vilkår og/eller krav til MISF sin bruk av fylkeskommunale tilskot?*
  - d. *I kva grad blir det, ved tildeling av fylkeskommunale tilskot til MISF, stilt krav om rapportering om bruken av tilskotet?*
  - e. *I kva grad følger fylkeskommunen opp MISF sin bruk av tilskota, og etterleving av eventuelle krav til bruk og/eller rapportering?*

## **Vurderingar og konsekvensar**

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane», revisjonsrapport er levert og ligg ved som vedlegg til saka. Rapporten har vore send til uttale hjå fylkesrådmannen og stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Uttalane går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Denne forvaltningsrevisjonen handlar i hovudsak om korleis fylkeskommunen følgjer opp MiSF gjennom dei system som er etablert, samt gjennom tilskot. Samstundes er det utarbeidd spørsmål som kravde at revisor fekk tilgang til dokumentasjon og intervju i stiftinga. Ettersom stiftinga ikkje er ein del av fylkeskommunen som Deloitte er forvaltningsrevisor for, ville tilgang til informasjon frå stiftinga som ikkje er offentleg krevje at styret i stiftinga samtykka til dette. Revisor sendte difor eit informasjonsbrev til stiftinga i starten av revisjonen der dei ba om samtykke – noko revisor fekk.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju, og verifisering og høyringer som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Prosjektet skulle etter planen ferdigstilla innan 3. november 2017, slik kontrollutvalet ba om i bestillinga. Det har vorte forseinkingar i prosjektet og rapporten vart mottatt i sekretariatet for kontrollutvalet 27. februar 2018. Det betyr at rapporten er monaleg forseinka i høve den opphavlege fristen. Kontrollutvalet har vore orientert om status i framdrifta gjennom heile prosjektpersonen. Vi vil likevel framheve at det no er stadig oftare at revisjonsrapportar vert forseinka.

### **Sekretariatet har merka seg at Deloitte kjem med slike tilrådingar til Sogn og Fjordane fylkeskommune i punkt 7 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:**

*Basert på det som kjem fram i undersøkinga har revisjonen følgjande tilrådingar til Sogn og Fjordane fylkeskommune:*

1. *Fylkeskommunen bør stille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot.*
2. *Fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følge opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF.*
3. *Fylkeskommunen bør utarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet.*
4. *Fylkeskommunen bør, i samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.*

### **Sekretariatet har vidare merka seg at Deloitte kjem med slike tilrådingar til stiftinga Musea i Sogn og Fjordane i punkt 7 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:**

*Basert på det som kjem fram i undersøkinga har revisjonen følgjande anbefalingar til stiftinga Musea i Sogn og Fjordane:*

1. *Stiftinga bør sikre at det med utgangspunkt i stiftinga sitt føremål blir fastsett tydelege og oppdaterte mål og delmål for MiSF, og at det blir etablert system for jamleg evaluering av måloppnåing.*
2. *Stiftinga bør sikre at ansvarsdeling og forventingar i organisasjonen blir tydeleggjort gjennom arbeidet med organisasjonsutvikling som no er sett i gang i MiSF.*
3. *Stiftinga bør vurdere å utarbeide ein plan med tilhøyrande tiltak for å arbeide med felles kulturbygging på tvers av avdelingane*
4. *MiSF bør, i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.*

## **Konklusjon**

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.  
Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber **fylkesrådmannen** syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Ettersom stiftinga ikkje er ein del av fylkeskommunen vert det tilrådd at fylkestinget oppmodar **Stiftinga musea i Sogn og Fjordane** om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.